

A photograph of a wooden sign for Rogaland Arboretum. The sign is made of a horizontal wooden plank with the words "ROGALAND ARBORET" carved into it. It is supported by three vertical wooden posts. The background is a dense forest of tall evergreen trees under a clear blue sky. In the foreground, there are smaller evergreen plants and a dark mulch bed.

ROGALAND ARBORET

Årsmelding for 2014

INNHALD

Styret, underutvalg og arbeidsgrupper	s. 3
Representantskapsmøte 28.04.2014	s. 4
Samrådsmøte med dei bidragsytande kommunane 12.09.2013	s. 5
Oppfølging etter samrådsmøtet	s. 5
Tilsette og ekstrahjelp	s. 6
Arboretprisen og Magnoliaprisen	s. 7
Dugnad og arbeidshjelp	s. 8
<u>Forskningsrelatert aktivitet:</u>	
– Fagkontakt og forskningssamarbeid	s. 9
<u>Formidling og forvaltning:</u>	
– Besøkande	s. 10
– Undervisning og informasjon	s. 10
– Informasjonsprosjektet	s. 10
– Omvisning og orientering	s. 10
– Fugleprosjektet	s. 11
– Registrering av sopp og soppkontroll	s. 12
– Flaggermusprosjektet	s. 13
– Generelt plantearbeid	s. 15
– Vegetasjonskontroll	s. 16
– Dammar, vegar, plenar	s. 17
– Rydding og hogst	s. 18
– Flis og ved	s. 19
– Brannvern	s. 19
– Bygningar og anlegg	s. 20
– Bil, maskinar og utstyr	s. 20
– Kontor og administrasjon	s. 21
– Planar om nybygg	s. 21
– Kurs for staben	s. 21
– Diverse	s. 22
– Vegar og stiar i Rogaland Arboret	s. 23
Støtte til Arboretet	s. 24
Resultatrekneskap 2014 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 25
Årsberetning 2014 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 31
Revisorberetning 2014 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 32
Resultatrekneskap 2014 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 34
Årsberetning 2014 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 37
Revisorberetning 2014 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 38
Likviditetsbudsjett for 2015	s. 41
Arbeidsplan for 2015	s. 42
Utplanta i 2014	s. 43
Vedtekter for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 45
Vedtekter for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 46
Sponsorside – med logoar	s. 47

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2014

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 28.04.2014 har samansetninga vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Olav Folkvord, styreleiar	2015*)	Mindor Jelsa (1)	2015
Torill Idland, nestleiar	2015	Karin Byre Korneliussen (2)	2015
Reidunn Oline Skadsem	2015	Steinar Borgen (3)	2015
Siri Bryne Ringstad	2015		
Per Steinar Lothe	2015		
Odd Arild Kvaløy	2015		
Evald Storaas Traa	2015		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Styreleiaren er på val kvart år

Faglig utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2015
Ellen Tjørnholm Bøe	01.07.2016
Inge Christ	.01.07.2015
Anne-Cathrine Scheen	01.07.2016
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordførar i Representantskapet	Bjørn Bråtveit, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	Sumergo DA
Valkomité – årleg val	Dag Tveit, leiar
	Karen Fosså Handeland
	Martha Lea

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og John Ivar Lima

Møter

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig utvalg	Ingen i 2014

REPRESENTANTSKAPSMØTE 28.04.2014

16 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå valkomitéen møtte Dag Tveit og Martha Lea. Frå Styret møtte Reidunn Oline Skadsem, Siri Bryne Ringstad, Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og Per Steinar Lothe. Frå staben møtte Jøran Oseland. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Bjørn Bråtveit.

Konstituering

Som referent blei vald Evald Storaas Traa. Ellen Tjørnhom Bøe og Leiv Velle Åreskjold blei valde som medunderskrivarar til protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisormelding blei samrøystes godkjende utan særskilde merknadar.

Under gjennomgangen av årsmeldinga blei det svart på spørsmål og kommentarar fortløpande, både av styrerepresentantar og nestleiar.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sine forslag.

Ingen av styremedlemmane var på val.

Olav Folkvord blei samrøystes attvald som styreleiar i 1 år ved akklamasjon.

Ingen av varamedlemmane var på val.

Revisor. Sumergo DA blei samrøystes attvald som revisor.

Ordførar i Representantskapet. Bjørn Bråtveit blei samrøystes attvald ved akklamasjon.

Valkomité – 1 år

Karen Fosså Handeland, Martha Lea og Dag Tveit blei samrøystes valde ved akklamasjon.

Som formann blei Dag Tveit vald ved akklamasjon.

Vedtektendring

Bakgrunnen for dette hadde samanheng med val av styremedlemmar og kjønnsbestemt namn på tillitsverv.

Det låg føre eit forslag frå Styret om å endre § 3b i vedtektene. Formålet med dette var å få kome betre i rute med omsyn til den vekselvise valrytmen.

Det låg også føre eit forslag frå Styret om å endre namna på tillitsverva frå formann / nestformann til leiar / nestleiar.

Begge desse forslaga blei samrøystes godkjende ved handsopprekking, til framlegging for Stiftelsestilsynet.

Budsjett og arbeidsplan for 2015 blei lagde fram til orientering.

Spørsmål og synspunkt som kom fram, blei noterte og tekne til etterretning.

Eventuelt

Enkeltspørsmål og kommentarar frå representantane blei svarte på etterkvart i møtet.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

SAMRÅDSMØTE MED DEI BIDRAGSYTANDE KOMMUNANE 12.09.2013

Utgangspunktet for møtet var at dette skulle vere ei oppfølging av samrådsmøtet frå juni 2011. Håpet frå Arboretet si side var å få på plass ein avtale som kunne sikre ein betre forutsigbarhet, større driftsbidrag og der indeksreguleringa blei bakt inn.

Ut ifrå dette møtet blei det så utarbeida eit forslag til felles tekst, og som kunne takast inn i dei resp. kommunane sin økonomi- og handlingsplan 2014 – 2017:

«Primærkommunene som er stiftere i Rogaland Arboret og styret i stiftelsen, avholdt den 12.9.2013 samrådsmøte om fremtidsutsikter for arboretet. Kommunene er enige om at det inngås en 4 årig avtale fom 2014 som håndterer driftstilskuddet, og der det foreslås at Sandnes yter kr 14,- pr innbygger, Stavanger kr 5,- og øvrige kommuner kr 8,-.

Det er videre enighet om at det i løpet av avtaleperioden skal utredes og fremmes forslag til fremtidig organisering/eierform for stiftelsen. Den vitenskapelige delen av arboretet må vektlegges her på samme måten som at fortsatt frivillig innsats og samarbeid med andre aktører sikres. Arbeidet ledes av rådmennen».

Oppfølging etter samrådsmøtet

Det blei motteke eit brev med notat frå rådmannen i Sandnes datert 12.09.2014.

I dette notatet er det utforma eit forslag frå rådmennene til mandat for utgreiingsarbeid for framtidig organisering og utvikling av Arboretet. Her blei det framsett forslag om å etablere ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe, som vil bli tillagt sine spesifikke oppgåver i prosessen etter nærare fastsett mandat.

I brevet framkom m.a. følgjande:

«Det vil fremgå at Sandnes kommune påtar seg et vesentlig ansvar for gjennomføringen av utredningsoppdraget ved å påta seg leder- og sekretariatsansvaret i arbeidsgruppen.

Rådmannen ber om at de øvrige partene utpeker sine representanter til både arbeids- og styringsgruppen. Rådmannen vil deretter innkalle til oppstart av arbeidet. En første oppgave blir da å eventuelt revidere mandatet og utforme et arbeidsprogram m/tidsplan for å få en omforent forståelse av det forestående arbeidet».

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Olaug Marie Høie, kontoransvarleg. Tilsett 26.03.2001.

Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.

Hodnefjell nådde pensjonsalderen 29.11., men hadde ynskje om å halde fram i arbeidet, etter ei nærare avtalt nedtrapping til 35 t / mnd.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Lee Johnsgaard Hinley, fagarbeidar. Tilsett 01.04.2008. Hinley slutta hos oss 30.06.

Agnar Trodahl, fagarbeidar. Tilsett 03.09., og overtok den ledige stillinga etter Hinley.

Dariusz (Darek) Gol, maskin- og vedlikehaldsarbeidar. Fast tilsett 01.01.2013.

Avtalen med Arkeologisk museum – UiS og Stavanger kommune om ei deling av ei forskarstilling blei avslutta i 2013. Som ein følge av dette har viktige dokumentasjons- og formidlingsoppgåver blitt liggjande på is.

Med mål om å kunne få kompensert litt ved bortfallet av denne stillinga, inngjekk vi ein avtale på konsulentbasis med botanikar Hanne Hegre Grundt f.o.m. desember 2014.

Hensikten var å sikre seg ein person med solid og relevant vitenskapleg kompetanse, og som skulle kunne ivareta prioriterte dokumentasjons- og formidlingsoppgåver. Hegre Grundt har doktorgrad i systematisk botanikk frå UiO, driv foretaket FlowerPower, og har ei allsidig erfaring med informasjons- og formidlingsarbeid innanfor botanikkfaget.

EKSTRAHJELP

Åshild Birkeland, student, vaskehjelp (5,5 t). Slutta i januar.

Ingeborg Oseland, student, vaskehjelp og sommarhjelp (tot. 313,5 t)

Lisabeth Oseland, student, vaskehjelp og sommarhjelp (tot. 211 t)

Ingrid Høie Vadla, student, sommarhjelp (217,5 t)

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp (75 t)

Johannes Oseland, student, sommarhjelp (112 t)



ARBORETPRISEN

Prisen får sitt synlege uttrykk i form av ein liten bronsemodell av inngangsportalen. Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester.

1990	Sandnes Sparebank	1997	Esso Norge
"	Johan Eik	"	Kverneland Underhaug
"	Sjur Svaboe	"	Stavanger tekniske fagskole
1991	Torstein Braut	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Arne F. Bryne	1999	Sven Åsland
"	Ingebret Folkvord	"	Lions Club Sandnes
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Riska
"	David Vatne	"	Lions Club Gjesdal
1992	Einar Bjørn-Hansen	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jon Gjedebo	2001	Leif Refsnes
"	Jonas Nygaard	2003	Egil Skadberg
"	Anton Thomsen	2005	Statskog
1993	Lyse Kraft	2006	Sigurd Aarsland
1994	Conoco Norway	"	Sven Halsne
"	J.J. og Lars Øglænds fond	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995	Einar Søndeland	2013	Magnar Bø
"	Alf Hansen	"	Helge Mattingsdal

MAGNOLIAPRISEN

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjere naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet. Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

2009 Tore Randulff Nielsen

DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Vi har heilt sidan 1985 hatt eit godt og nyttig samarbeid med elevar og lærarar frå **Gand videregående skole**. Lærar Helge Mattingsdal har heile denne tida hatt ansvaret for ei gruppe elevar som har hatt arbeidstrening her kvar veke. Dei seinare åra har han hatt med seg andre kollegaer, som dette året var Marie Louise S. Lea, Helen Steinskog, Toril Laksesvela, Sigurd Sigurdsen og Ole Johan Bringeland.

F.o.m. hausten 2009 har gruppa blitt delt, slik at dei har vore her og hjelpt oss 2 gonger i veka. Ved at elevane får god oppfølging heile tida, er dette opplegget for det meste sjølvgåande. Med litt tilrettelegging i form av utstyr og køyretøy, klarar dei seg utmerkt på eiga hand. Dette samarbeidsopplegget er ei bonusordning for oss, men det gleder oss også å vite at dette er til gjensidig nytte for begge partar. Arbeidsoppgåvene har for ein stor del vore knytt til utlegging av flis på småstiane, utkøyring av ved og diverse lettare forefallande vedlikehaldsarbeid på stiane og opprydding av greiner.

Lions-klubbane i regionen har heilt sidan 1990 hatt ansvaret for kafeteriadrifta i Aktivitetshuset vårt. Det har blitt lagt ned mange dugnadstimar blant medlemmane i Lions Club for å kunne halde dette opplegget gåande. All denne frivillige innsatsen, kopla med idealisme og velvilje, har også gitt Arboretet sårt tiltrengte og årvisse inntekter. Dette samarbeidet har gjennom alle desse 24 åra vore av stor verdi for Arboretet. Det betyr mykje for mange av våre besøkande at vi kan tilby ei enkel servering kvar søndag gjennom heile året. I tillegg har eldsjeler i klubben hatt ansvaret for gjennomføringa av det årlege rullestøl-løpet «Full Rulle».

I samarbeid med både **Statskog** og **Jæren Friluftsråd** blei det mot slutten av året anlagt ei trim- og aktivitetsløype («Klatreskogen») i skogen nær den inste av P-plassane. Begge desse samarbeidsaktørane bidrog både med utstyr, materialar og mannskap.

Magnar Bø har også dette året lagt ned mange dugnadstimar med tilsyn av fuglekassane og ringmerking. Dette er bidrag som betyr mykje for aktivitetsmangfaldet og naturmiljøet i Arboretet.

Medlemmar av **Nyttevekstforeninga Jærsoppen** gjorde også dette året ein solid dugnadsinnsats ved gjennomføringa av 5 soppkontrollar og arrangementet «Soppens Dag».

I samband med etableringa av eit nytt felt for småartar av *Rhododendron*, deltok medlemmar frå **Rhodo Sør-Vest** på dugnad med legging av torvblokker og plantearbeid.

Frivillige og interesserte i **Sandnes Idrettslag** gjer kvart år ein stor innsats i gjennomføringa av Arborettrimmen. I deira regi blei det også arrangert bedriftsløp som gav inntekter til Arboretet i samband med parkering.

Sandnes Rotary Klubb var på dugnad i Arboretet 13. mai. Dei hjelpte oss med å stamme opp grantrea i området rundt parkeringsplassane. Spesielt har John Sverre Frøyland gjort ein stor innsats med å få på plass grundigare undersøkingar og vurderingar av alternative traséar for tilknytting til vatn-, kloakk- og fiberkabel fram til Arboretet.

FORSKINGSRELATERT AKTIVITET

Fagkontakt og forskingssamarbeid

Restmaterialet av lindeplantene som er knytta til Lindeprosjektet, stod også dette året under oppal og tilsyn hos Folkvord Planter. Tilvekst og utvikling i veksthus har heller ikkje denne sesongen vore som forventa, og utplantinga har difor blitt utsett. Ca 140 planter, fordelt på ca 80 klonar inngår i dette materialet.

Gjennom samarbeidet med Stavanger botaniske hage har vi m.a. fordelen av å kunne dele på driftskostnadane for hagedatabasen IrisBG. Databasen er lokalisert på Stavanger kommune sin dataservert, der vi har tilgang via ekstern pålogging. Gjennom dette samarbeidet får vi også avlastning ved at administrasjon, pakking og utsending av frø til frølista Index Seminum, skjer i Stavanger botaniske hage. Denne felles frølista blir gjort tilgjengeleg via heimesida vår. Arboretet sitt bidrag til frølista dette året var innsamling og levering av frø frå 18 ulike artar, fordelt på slektene *Acer* (1), *Cercidiphyllum* (1), *Magnolia* (1) og *Sorbus* (15). Av desse artane er 2 viltveksande i Arboretet, fagerrogn (*Sorbus meinichii*) og sørlandsasal (*S. subsimilis*). Begge desse står oppført på den norske raudlista. Det blei sendt ut 327 pakkar med frø innsamla i Rogaland Arboret, fordelt på 65 bestillingar frå 44 ulike botaniske hagar eller arboret via denne internasjonale frøbytteordninga.

Gjennom engasjementet av botanikar Hanne Hegre Grundt blei det på tampen av året igangsett ein prosess der viktige dokumentasjons- og formidlingsoppgåver skulle følgjast opp. I tillegg til å gjere seg kjent med organisasjonen og anlegget, arbeidde ho med å utforme forslag og idéar som skal danne grunnlag for det vidare naturstiarbeidet.

Arbeidet med å utvikle artsamlinga av *Rhododendron* heldt fram. Blant dei mange interessante artane vi mottok frå den danske spesialisten Ruddi Perriard i 2013, var eit antal høgalpine og småvaksne artar. Desse hadde blitt ståande i «forvaring», i påvente av at vi skulle få opparbeida ein dertil eigna «alpinhage». Då den stod klar i mai, blei desse nye småartane planta ut i denne avgrensa spesialdelen.

Perriard har mange reiser og innsamlingsekspedisjonar bak seg, spesielt i den botanisk rike Yunnan-provinsen i Kina. Han har ei stor og interessant plantesamling, eit stort kontaktnett, og sit på mykje kunnskap om *Rhododendron*-slekta i sitt naturlege miljø. Han har vist stor generøsitet og interesse i å bidra til å bygge opp ei spennande villartsamling i Rogaland Arboret.

Det er brukt noko tid på å framskaffe dokumentasjon av dette materialet, men dette er avgjerande viktig for å sikre den framtidige referanse- og forskingsverdien på desse plantene.

FORMIDLING OG FORVALTNING

BESØKANDE

Basert på berekningsmodellar og talgrunnlag frå tidlegare år (f.o.m. 2001), viser dette at anslagsvis 95.000 personar har besøkt Arboretet i løpet av året. Vi skulle gjerne sett at vi i dag hadde hatt informasjon om kor stor andel av dei besøkande som brukar andre innfartsårer enn hovudinngangane.

UNDERVISNING OG INFORMASJON

Det har blitt informert på [heimesida](#) om ulike aktivitetar gjennom året. Elles blir det opplyst om at både området som læringsarena og undervisningsutstyr står til disposisjon for dei som måtte vere interesserte.

Det blei ikkje arrangert lærarkurs dette året.

I mai var to klassar frå Tryggheim Forus Barne- og Ungdomsskole (3. og 4. trinn) på ekskursjon i Arboretet, der dei lånte av undervisningsutstyret som finst disponibelt.

INFORMASJONSPROSJEKTET

Styret vedtok i 2011 å vidareføre prosjektet for ein ny femårs-periode, dvs. 2011 – 2015. Det er eit uttalt mål å styrke det generelle informasjonsarbeidet i Arboretet. I denne fasen betyr det oppgradering av kartbasen inkl. nytrykk av kart og etablering av naturstiar.

I arbeidet med oppgraderinga av den digitale kartbasen, er vi avhengige av ekstern bistand, og framdrifta her har ikkje vore som forventa i 2014. Prosjektet er likevel på mange måtar avhengig av vår eigen evne og kapasitet til å følgje dette opp fortløpande i denne prosessen. Det vil definitivt vere ei stor utfordring å få avsett nok tid til dette blant alle dei andre oppgåvene som krev sin del av oss.

Hanne Hegre Grundt blei mot slutten av året engasjert som botanisk-fagleg konsulent. Etter å ha brukt litt tid på å gjere seg kjend med institusjonen, tok ho raskt fatt på oppgåvene. I løpet av desember var ho godt i gang med grunnlagsarbeidet for utviklinga av eit naturstiprosjekt.

OMVISNING OG ORIENTERING

20.02.	Hageselskapet Oltedal	Framsying	Lima
23.04.	Gruppe frå Sola eldresenter	Omvisning	Stangebye
22.05.	Studentar frå Øksnevad vgs.	Omvisning	Lima
24.05.	Pårørandeforening, i regi av Sverre Haga	Orientering	Oseland
28.05.	Turgruppa Nortråkk	Orientering	Lima
03.06.	Stavanger Soroptimistklubb	Omvisning	Lima
23.08.	Diabetesforbundet frå Lyngdal	Orientering	Folkvord
04.12.	Hanne Hegre Grundt, Oslo	Orientering/ omvisning	Lima

FUGLEPROSJEKTET

Allereie i 1978 blei det hengt opp 24 fuglekassar rundt om i Arboretet. Av hensyn til dei mange andre oppgåvene som måtte prioriterast, kunne vi ikkje drive oppfølging av desse. Registreringa blei i denne perioden difor litt tilfeldig. Dei fleste av desse kassane var nok helst borte då «Fugleprosjektet» kom i gang i 1991.

Preparant Odd Låtun ved Stavanger Museum, tok initiativet til å få produsert og hengt opp heile 88 fuglekassar. Odd Carlsson og Jim Lea tok seg av oppfølginga av desse, og Magnar Bø hadde frå starten av ansvaret for ringmerkinga.

Talet på fuglekassar som har hengt oppe, har variert litt gjennom åra. I 1994 var talet på 141 kassar. I 2006-sesongen hang det oppe ca. 125 kassar.

F.o.m. 2009 har elevar frå Gand vgs. bidrege årleg med å produsere nye kassar til prosjektet, slik at ein har fått skifta ut dei dårlegaste kassane etterkvart. I 2014 hang det oppe ca. 130 kassar. Det blir årleg lagt ned mange dugnadstimar i dette prosjektet. Det blei ikkje ringmerka fuglar ved føringsplassen i 2014, noko som forklarar det låge talet på merka vaksne individ. Ansvarleg for prosjektet er Magnar Bø.

Ringmerking i Rogaland Arboret 2014

<u>ART</u>	<u>REIRUNGER</u>	<u>VOKSNE</u>	<u>SUM</u>
Kattugle	3	-	3
Rødstrupe	6	-	6
Måltrost	1	-	1
Svarttrost	16	-	16
Svartkvit fluesnapper	89	2	91
Kjøttmeis	205	-	205
Svartmeis	66	-	66
Blåmeis	53	-	53
Stær	50	-	50
Totalt 8 arter	489	2	491

Oppsummering av ringmerka fugl i Rogaland Arboret 1991–2014

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
1991 – 1992			509
1993	440	81	521
1994	439	197	636
1995	427	175	602
1996	572	40	612
1997	504	16	520
1998	239	30	269
1999	324	28	352
2000	212	1	213
2001	121	25	146
2002	188	4	192
2003	102	3	105
2004	208	142	350
2005	268	416	684
2006	371	289	660
2007	443	253	696
2008	293	373	666
2009	366	209	575
2010	466	162	628
2011	471	134	605
2012	300	122	422
2013	400	21	421
2014	489	2	491
TOTALT			10 875

Talfordelinga mellom aldersgruppene frå 1991 – 1992 har vi dessverre ikkje oversikt over. Det er ringmerka totalt 10.875 individ i perioden 1991 – 2014, fordelt på 43 artar.

Pr. 31.12.2014 er det observert totalt 120 artar i Arboretet.

Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få om du tek kontakt med kontoret.

Andre observasjonar

Svartspetten har vore registrert som ein årviss gjest i Arboretet utover hausten og vinteren sidan 1999. Naturleg nok er det i gamleskogen Gløersens Minne vi høyrer mest til denne høglydde fuglen.

Gulsongaren høyrde vi kun ein kort periode utpå føresommaren.

Kattugla tok i bruk kassen på garasjeveggen, og la 5 egg. 3 av ungene blei ringmerka.

REGISTRERING AV SOPP OG SOPPKONTROLL

Dei første listene over registrert sopp i Arboretet blei førde i 1994, og sjølv om vi ikkje har gått systematisk til verks med dette arbeidet, er det fram til idag registrert totalt 187 artar her. Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan du få ved å ta kontakt med kontoret.

På 1990-talet blei det løyvd midlar og sett i gang eit landsomfattande soppkartleggings-prosjekt i Noreg. No kan alle i Noreg registrera funn av sopp (og planter) i ein sentral database. Nettstaden er www.artsobservasjoner.no.

Rogaland har eigen regionsansvarleg når det gjeld soppkartlegging, Kari Blikra, som kan gje råd og vegleiing om prosjektet.

Informasjon, kurs, utstillingar og andre aktivitetar knytta til sopp i Arboretet, skjer ved frivillig innsats av medlemmar i foreninga **Jærsoppen**.

Soppkontrollane i Arboretet er på same måte basert på frivillig dugnadsinnsats av dei soppsakkyndige.

På den eine av oppslagsstavlene blei det hengt opp ei mappe med viktig informasjon om giftssoppane våre, på heile 11 språk.

Rapport fra soppsesongen og aktiviteter i Arboretet 2014 v/Ellen Tjørnholm Bø
Våren og sommeren 2014 var varm, og etterfulgt av regn og fortsatt varme, ble det en tidlig start på soppsesongen med kremler, kantareller og en god steinsoppsesong. Varmen fortsatte utover i oktober noe som førte til at de seine soppene som traktkantarell og piggsopp så å si uteble, på grunn av tørken.

Varmen var trolig årsaken til at det var betydelig færre av den dødelig giftige arten spiss giftslørsopp denne høsten. Denne har vi hatt i store mengder de siste årene.

Jærsoppen startet opp med soppkontroller siste helga i august, og hadde kontroll hver søndag ut september.

Det kommer mye folk til kontrollene, og også i år kom det inn kurver der det var giftsopp.

Første søndag i september arrangerte vi Soppens dag med introkurs, tur med soppsakkyndige og soppkontroll og utdeling av soppsuppe og smaksprøver på brød, smør med urter og sopp, og hjemmelaget majones. Dette arrangementet trekker mye folk.

En del av den tilgrensende skogen til Arboretet er saget ned, og det begrenser områdene for sopplukkere en del. Likevel ser vi at det kommer noen langveisfra, kun for soppkontrollen.

Det er kun i Rogaland Arboret at man har soppkontroll i Sør-Rogaland.

Det var lite blåbær å finne dette året. I hogstfeltene og langs stiene i Arboretet var det mye villbringebær. Helt på slutten av året var det mulig å finne noen desiliter med tranebær i myrkanten. Dette er bær som også fuglene setter pris på.

FLAGGERMUSPROSJEKTET

Bakgrunn

I 1990 startet Stavanger museum et fuglekasseprosjekt i samarbeid med NOF avd. Rogaland. Både i 1992 og 1993 var en fuglekasse bebodd av flaggermus. 3 kasser var i bruk av flaggermus både i 1994 og 1995.

I juli 1994 ble Rogaland Arboret besøkt av Leif Gjerde fra Nordre Øyeren Biologiske Stasjon (NØBI). I forbindelse med et kartleggingsprosjekt på Jæren hadde Gjerde fått tips fra Bjørn A. Stangebye om flaggermus i loftet på hytta. Arboretet ble derfor besøkt av Gjerde hvor Stangebye ga en omvisning i området. I forbindelse med dette nevnte Stangebye at enkelte fuglekasser ble besøkt av flaggermus. I et brev den 18. mars 1995 foreslo derfor Gjerde at det kunne settes opp spesialkasser for flaggermus. Først 2 år senere (31.01.1997) ringte Stangebye Gjerde for å diskutere et mulig kasseprosjekt for flaggermus i Arboretet. Således ble det sommeren og høsten 1997 hengt opp 36 flaggermuskasser i Arboretet. I 1998 ble alle kassene kontrollert 3 ganger. Da hadde allerede 11 av disse kassene spor av flaggermus. Med opprettelsen av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF) i 1997, har personer fra NIFF gradvis overtatt prosjektet. I dag er det Leif Gjerde som koordinerer prosjektet. Siden er flere nye og egenkonstruerte kassetypen blitt testet i Arboretet. 4 betongkasser konstruert av Denyer har hengt oppe i flere år. I 2007 ble det hengt opp 12 nye trekasser (på 6 trær), konstruert av Gjerde.

Prosjektansvarleg er Leif Gjerde, **Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus** (NIFF).

Arbeid og status 2014

Høsten er den tid på året kassene benyttes som harem av dvergpipistrell. Det var planlagt kartlegging av flaggermusfaunaen samt kontroll av kassene denne høsten, men desverre begrenset været antall tilgjengelige feltdager. I flere områder av landet ble det notert nedbørsrekorder som aldri tidligere er blitt målt siden DNMI startet sine målinger. Mange av våre prosjekt ble derfor sterkt begrenset eller kansellert. Det ble derfor ikke foretatt noen undersøkelser i Arboretet dette året. Vi håper å komme sterkere tilbake i 2015.

Mer informasjon om kasseprosjektet kan leses på www.flaggermus.no/fl_lok_aboretet



GENERELT PLANTEARBEID

Det årlege vedlikehaldsarbeidet som gjeld tiltak mot rådyr, gjødsling, luking, grasslått, oppstamming, beskjæring, rydding, hogst med etterfølgjande fliskutting m.m., har for ein stor del gått sin gang som føregåande år.

For å hindre feieskader av rådyra, blei det hengt opp ca. 1.800 spesialpreparerte hotellsåper på dei minste og mest utsette plantene.

Denne sommaren bydde på heilt spesielle utfordringar for dei som arbeidde ute med luking og grasslåing. Det blei nemleg funne heile 15 vepsebol, så her blei det litt kampaktivitet. Vi har aldri registrert dette i eit slikt omfang tidlegare.

Det blei spreia ut 3.000 kg beinmjølbasert gjødsl (Marihøne+ 8-4-5). Dette er ein rimeleg tung jobb når det skal fordelast for hand rundt omkring i heile Arboretet. Plenflatene har ikkje blitt gjødsla, kun enkeltplantene som er plasserte der.

Lusproblemet hos nordmannsedelgrana i juletrefeltet såg ikkje ut til å ha utvikla seg i særleg grad. Men dette er skadegjerarar som raskt kan blusse opp og spreie seg raskt. Det blei fjerna ca. 50 småtre i dårleg kondisjon, som t.d. dårleg vekstform, misfarging eller med symptom på lusangrep.

Ein annan trussel mot fleire av edelgranartane våre er skadesoppen *Neonectria neomacrospora*, «edelgrankref». Denne skadegjeraren har hos oss over fleire år vist seg å angripe koloradoedelgran, men det skal visstnok vere fjelledelgran som er den mest mottakelege arten.

Truleg var det denne soppen som tok livet av ei stor flott spansk edelgran for fleire år sidan. Det har dessverre vist seg at fleire av edelgranartane i samlinga er mottakelege, og vi måtte hogge ned og brenne fleire store og verdfulle tre. Både tyrkaredelgran, nordmannsedelgran, vilmorinedelgran, algerie-edelgran, kjempe-edelgran og veitchedelgran viste symptom ved partielt nålefall av ulik grad.

I januar opplevde vi ein kraftig og iskald austleg vind som varte bortimot 3 veker i strekk. Det varte ei god stund før tørkeskadane viste seg for fullt, men det store nålefallet hos grana fortalde sitt om desse ekstreme tilhøva. Denne langvarige frostvindperioden førde til meir og mindre téle i jorda, noko som forsterka uttørkingsprosessen hos ei rekkje vintergrøne vekstar. Ei rekkje vintergrøne vekstar fekk til dels store tørkeskadar etter dette.

Etter ein tidleg og drivande fin vår, gjorde nokre frostnetter i mai stor skade på nyutsprungne blad hos ei rekkje planteslag. Vi observerte omfattande bladskadar hos m.a. bøk, magnolia, hjartetre, vengebusk, poppel, vengenøtt, rogn, ask, syrin, hortensia, rhododendron og piggtrådbusk. Sjølv om dei fleste av plantene etterkvart tilsynelatande «rådde ut» av krisa utan dei store varige skadane, så skjedde det likevel ei forstyring i biorytmen og utviklinga hos plantene.

Det blei elles utført vinterdekking med granbar på eit utvalg tandre planteslag, i tillegg til ein del av nyplantingane av *Rhododendron*.

Arbeidet med å finne passande dekkbar har blitt litt meir krevjande dei seinare åra ettersom det minkar på unge granbestandar.

I mai starta arbeidet med opparbeidinga av eit nytt felt avsett til dvergartar av *Rhododendron*. Ein stor del av arbeidet gjekk føre seg med bruk av spade og spett. Heile jordlaget blei spadd vekk og lagt til side, og dei fleste av fururøtene fjerna. For å få bygd opp feltet tilstrekkeleg ift. terrenget rundt, blei det tilført mykje grov naturgrus som underlagsmasse. Som støtte på kantane blei det nytta grovlodd stor stein, i kombinasjon med eit visst innslag av tilpassa torvblokker. Den oppspadde skogsjorda, med si varierende innhald av sand, blei blanda inn med grov torv for å oppnå eit passende lag til vekstmedium. Ein god del av dei tidlegare fjerna torvene blei nytta til plasering og tilpassing til terrenget omkring feltet.

I heile artsdelen baserar vi tilplantingsarbeidet på spade, greip og spett. Arbeidet tek tid når ein skal sørge for plantehol av ein viss storleik, fjerne mykje stein, røter og blande til passende mengde torv og naturjord.

Den tørre våren og føresommaren gjorde sitt til at vi sette opp vatningsutstyr over ein periode i nedre del av Rhododendrondalen. Vi vurderte det for å vere mest aktuelt i området der dei seinaste utplantingane hadde funne stad. Tørken blei heldigvis ikkje øydeleggjande for plantene elles rundt om i anlegget, men resulterte i nokre gulflekkta plenflater.

Dette året registrerte vi innkomne frø- eller plantemateriale frå følgjande leverandørar: Ness Botanic Gardens, Liverpool, Reiersøl Planteskole, Froland, Reidar Vigrestad, Vigrestad, Odbjørn Fosse, Bryne

Vegetasjonskontrollerande tiltak

Etter at feltet med sitkagran ved Aktivitetshuset blei hogd i 2011, ser vi utviklinga i gjengroingsprosessen (sukkesjonen) levande demonstrert. Oppslaget av ulike ugrasartar, grasvekstar, bringebærkratt, geiterams og lauvkratt etablerar seg i stadig sterkare grad, og vil by på fleire nye utfordringar. Spesielt har oppslaget og tilveksten av geiterams i dette feltet vore tydeleg merkbar i løpet av 2014-sesongen. Her ventar eit formidabelt ryddearbeid, som vil auke i omfang for kvart år som går. Vi er i behov av ei snarleg avklaring ift. vernemyndighetene før feltet gror fullstendig over.

På oversida av Fossedammen, dvs. i hogstfeltet som grensar til Myklabustveien og Melshei-området, har gjengroinga kome endå lenger. Her har også andre problemartar som lyssiv, knappsv, høymole, strandrøyr, tistel og hyll etterkvart fått godt fotfeste.

I arbeidet med å halde grasvegetasjonen nede i dei mest trafikkerte områda, har vi hatt 2 – 3 ryddesager i sving gjennom sommarsesongen.

I kombinasjon med denne grasryddinga, må vi passe på at vi ikkje brukar ryddesagene på problemugras som står klare til å frø seg. Ei slik rydding vil tvert imot spreie slike plantesalg svært effektivt. Eit viktig grep i denne vegetasjonsryddinga er difor å fjerne slike artar manuelt, før ein går laus med ryddesaga i eit felt.

Ein del av lukearbeidet i sommarsesongen består også i manuell rydding av bringebær, bjørnebær og geiterams.

Utfordringane er store der fleirårige ugras har fått etablert seg i vide, tettplanta område, og i felt med buskvekstar som har liten dekkevne.

Løvetann, vassarve og groblad har spreidd seg vidt utover, og har fått godt fotfeste mange stader. For å hindre ein del frøspreiing hos groblad, blei det luka ein god del i Rhododendrondalen, i Trollhasselfeltet og langs utsette sti- og vegstrekningar.

I tillegg til offensiven mot skvallerkål, hundekjeks, høymole, svineblom, hundegras, landøyda, lyssiv og knappsiv, blei det også gjort ein innsats med fjerning av tistel.

Det er ei rekkje område og felt som ein årleg må passe på å få kontrollert og luke reint for problemugras, slik at ein får oppretthalde ein viss «maktbalanse». For fleire av artane viser det seg at ein årleg gjennomført manuell bekjemping på rett tidspunkt i sesongen, vil vere veldig effektivt. Difor er den årlege lukeinnsatsen i sommar-sesongen svært viktig i ugraskampen.

Dammar, vegar og plenar

Det blei brukt litt tid på supplerande fjerning av ein del gjenståande planter av skunkkala (*Lysichiton americanus*). Rotsystemet hos denne sumpplanta er både djupt og kraftig, og ein del har spirt opp frå gjenståande rotdejar etter oppgravingsoffensiven i 2013. Alle frøkolbane blir nøye fjerna frå dei gjenståande plantene kvart år, slik at vi unngår vidare spreiding av arten lenger nedover i vassdraget.

Tilgroinga av dammane har gjort seg klart gjeldande, særleg i Madammen og Øvre Dam. I Øvre Dam framstår den vakre nøkkeroseliknande arten sjøgull (*Nymphoides peltata*) som særleg dominerande, og opptrer ganske invasivt. Den har vist seg vanskeleg å halde i sjakk med lusing. I fleire innsjøar i Sør-Sverige utgjør denne arten eit stort gjengroingsproblem.

Vi har elles store utfordringar når det gjeld problemet med lekkasje rundt utløpsrennene til fleire av dammane våre, særleg i Øvre Dam, Nedre Dam og Madammen. I tillegg er det lekkasjar både i Eikedammen og langs bekkeløpet nedanfor Fossedammen. Vi har rett og slett ikkje kapasitet nok til å gå laus på såpass store oppgåver det vil vere å utbetre dette. Vi blir difor tvinga til å velgje kun enkle, akutte reparasjonsløyningar.

For å kunne drifte og utvikle dette 700 daa store området på ein rasjonell og effektiv måte, er vi avhengige av ein velfungerande infrastruktur. Mykje arbeid gjenstår framleis før vi er i mål på dette området. Mange av stiane og vegane er dårleg fundamenterte. I tillegg til å utbetre bæreevna, er det svært viktig å opparbeide ein korrekt vegprofil. På den måten får vi sikre ei god avrenning ved store nedbørsmengder. Kantvegetasjonen utgjør også ei utfordring ved at den i stor grad påvirkar avrennings- og dreneringsevna langs vegane. Avskaving av torv og tuster langs stiane er eit viktig vedlikehald i så måte.

Det er også dette året brukt ein god del tid og ressursar på preparering og utbetring på nokre av dei mest problematiske sti- og vegstrekningane, som øvre del av Fjellveien, øvre del av Bergstien og øvre del av Rundgangen. I tillegg blei det lagt ut eit nytt gruslag på Solstien og Grevlingveien, rundt Skittjørn.

Samstundes med dette blei det reinska opp med smalskuffe i grøftene langsmed desse vegstrekningane og delar av Via Bella. I tillegg blei det gjort eit oppreinskingsarbeid langs øvre del av Myklabustveien. Det blei også skava torv langs kantane langs øvre del av Rundgangen, delar av Via Bella og øvre del av Lerkestien.

I ein periode på 2 veker hadde vi gleda av å få låne gratis ein 5,5 tonns gravemaskin med tilteskuffe. Vi har i årevis sakna ein maskin med ei slik skuffe, så denne var til stor nytte for oss i dette vegarbeidet.

Vi ville aldri vore i stand til å utføre ei såpass omfattande utbetring av vegsystemet utan å ha den gunstige avtalen om veggrusleveranse med Velde.

I nedbørsrike periodar må vi alltid vere på vakt og sjekke grøfter, stikkrenner og røyr for å prøve å hindre opphopingar og øydeleggande overfløymingar. Gjennom hausten og vinteren blir vi stadig minna om kor viktig det er å bruke tid på førebyggjande arbeid på heile dreneringssystemet. Dette betyr stadig gjentakande ettersyn, vedlikehald og reparasjonar av mange hundretals meter med grøfte- og røyrsystem.

Dei siste åra har vi registrert aukande problem med røyrsystemet pga. manglande kapasitet ift. nedbørsmengdene. Vi har ein del arbeid som gjenstår for å kunne få flaumsikre fleire utsette område.

For å oppnå ein betre kontroll med grøftevatnet langs utsette strekningar, blei det lagt ned nye røyr m.a. i Fjellveien, Bergstien, Rundgangen og Via Bella.

Langs midtre del av Eventyrveien blei det handspadd ei avledningsgrøft for å hindre vidare utvasking i flaumperiodar. Denne har fungert veldig bra, og slike har vi behov for fleire plassar.

Dei grovt anlagte plenane våre er ei ganske stor påkjening for både mann og maskin. Her er det absolutt behov for ei større oppgradering, men heller ikkje dette året har vi sett oss istand til å kunne prioritere denne type omfattande og tidkrevjande anleggsarbeid.

Rydding og hogst

Etterverknadane av den omfattande maskinelle tynningshogsten som i 2012 gjekk føre seg i og rundt Arboretet, merkast med nye vindfall langs fleire av grensesonene, særleg i områda langs Harestubben, Vassvikveien og Via Bella.

I etterkant av desse uvørsperiodane blei det difor ein god del hogst- og oppryddingsarbeid som følgde med. Mange av trea var store, så tømmervogna fekk røynt seg kraftig.

Etter at fleire av granene i bestandet nær Aktivitetshuset rotvelta, blei resten av trea her fjerna med hogstmaskin. Grappa av storgraner som stod nær Bøkefeltet og Stiftelsesparken blei også fjerna i same omgangen.

Stormfallet og maskinhogsten resulterte i store mengder med grove greiner, så det manuelle oppryddingsarbeidet blei tungt og tidkrevjande.

9. august rasa det sterke vindar som i tillegg skifta retning i løpet av ganske kort tid. Resultatet blei at fleire store og bladrike lauvtre gjekk i bakken.

Det var behov for å tynne litt ut blant større furutre på delar av Lønneåsen. Dette blei eit krevjande arbeid når ein måtte ta omsyn til dei mange lønnetrea som står innimellom.

Ovanfor Rundgangen / Fjellveien blei det hogd ut ein del bjørk som blei for nærgåande til juletreplantingane.

Mot slutten av året blei det også fjerna ei gruppe med dårlege eksemplar av engelmannsgran nær Langgangen.

På nordsida av Skogarberg blei det også opna opp ved ei uttynning i den store ungbjørk-bestanden som dominerar her.

Massevis av greiner og stammar ligg nede etter tynningshogsten på oversida av Via Bella.

I eit belte langs vegen her har det også blitt drege fram mengder av greiner, slik at terrengt i denne grensesona skulle framstå meir innbydande.

Framleis låg det mykje greiner att etter maskintynninga av granskogen ved P-plassane, som blei sankt saman og drege fram for vidare fliskutting.

Fliskuttaren har gått mange timar og har malt opp mange kubikkmeter med flis. Kvaliteten på granflisa er ikkje den beste, men vi må prøve å utnytte det vi har tilgang til.

For å unngå problem ved ei framtidig rydding, har det også blitt samla saman store mengder tørrgreiner i hogstfeltet ved Aktivitetshuset, der det tidlegare stod sitkagran.

Det blei også rydda lauvkratt og småtre innanfor mindre felt i ulike delar av Arboretet, særleg i området ved den vestre delen av Skittjørn.

Dette året blei det gjennomført ein god del oppstammingsarbeid i nedre del av Arboretet, særleg i områda omkring P-plassane, Solstien, Alléen, Poppelstien, Langgangen, Grevlingveien og på Lønneåsen. I den tettaste delen av Bøkefeltet blei det brukt ein del tid på å fjerne masse tørrkvist.

I det nye området vest for Skogarberg har rydde- og oppstammingsarbeidet halde fram, noko som har resultert i eit lettare og lysare skogsmiljø langs småstiane her.

Det blei utført ein del beskjæringsarbeid i området ved Aktivitetshuset og i nedre del av Parken.

Det nye utvalet av skjæreutstyr som blei kjøpt inn, gav oss ein større fleksibilitet og kapasitet i dette tidvis tunge og krevjande arbeidet.

Flis og ved

Vi har hatt eit stort nok lager av flis til å kunne få lagt ut eit nytt topplag av flis på dei fleste av småstiane rundt om i Arboretet.

Med eit stort vedlager frå forrige sesong, måtte vi begrense hogsten til det minimale. Likevel førte vindfall og annan trengande hogst til ei viss mengd med stokkar som måtte handterast vidare. Heldigvis fekk vi avtalt med fleire kundar som ville ta imot rå ved, slik at vi slapp å måtte utvide vedlageret.

Å kunne oppretthalde eit sikkert og stabilt presenningsdekke, har tidvis vore ei stor utfordring når haust- og vinterstormane står i kø. Omstillinga av vedproduksjonen og lagringsmetoden har resultert i ein lettare omsetteleg og tørrare ved, men etterspørselen har likevel vore mindre enn vi hadde håpa på.

Brannvern

2014 var eit spesielt år. Allereie i januar måtte vi ut med brannfare-skilta, etter ei vindfull og uttørkande periode som varte i 3 veker.

Ein solrik og tørt vår, og med svært lite nedbør i mai, juni og først i juli, resulterte i ein uvanleg lang brannfarleg periode. Å måtte henge ut advarselsskilta så seint på sesongen har vi vel heller knapt opplevd før.

Den årlege kontakten med brannvesenet og Sivilforsvaret er viktig for oss i det beredskapsmessige arbeidet. Tidleg i mai gjennomførte Sivilforsvaret ein separat øvelse i Arboretområdet. Seinare i månaden gjekk det av stabelen ein større fellesøvelse der både politi, brannvesen og Sivilforsvaret var involverte.

Røyrlleidningsnettet, som er delt i 3 traséar, består av 22 hydrantkummar over eit strekk på 2,2 km, krev også sitt av tilsyn og oppfølging. Det betyr m.a. sjekking og reingjering, med ifylling utpå våren og uttapping i løpet av seinhausten før frosten får tak.

Utover ettervinteren og våren kan sol og vind endre brannfaretrusselen frå «ingen risiko» til ”stor risiko” i løpet av nokre få timar. Ein liten sneip kan utløyse den store katastrofen. Kvart år finn vi etterlatne eingongsgrillar og bålrestar både her og der.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Jamnleg bruk og slitasje knytta til utleige og kafeteriadrift i Aktivitetshuset og Tømmerhytta, betyr også behov for regelmessig tilsyn og vedlikehald.

I denne samanheng er vi også glade for å ha stabile og dyktige vaskehjelpere som sørger for eit godt reinhald, og som bidreg til at Hus og Hytte framstår presentable for publikum.

Tidleg på året blei ein del av jærstolane i Aktivitetshuset grundig skura og innsette med grønsåpe.

Brønnen ved Aktivitetshuset blei tømt og reingjort i slutten av mars.

Pga. tidlegare skade etter lynnedslag blei det søkt og gravd opp for å få reparert skadane som var på telefonledningane nær Aktivitetshuset.

2 lyssoklar langs Grevlingveien blei skadde og måtte reparerast.

Tidleg på året blei det montert ein alarmsensor i kjellarkontoret, i tillegg til aktivisering av ein annan i kjellarrømmet ved sida av.

Det merkast godt at det var museår, og det måtte mange innomhus ladingar til for å kunne halde denne invasjonstyrken under ein viss kontroll.

I løpet av sesongen blei det montert 2 store velkomstskilt, plasserte ved ytre og indre P-plass. I enden på garasjedelen i Blokkhuset blei det delt av og bygd ei lagerbod, som blir leigd ut til Orkidéforeninga.

Nivået på grusplassen utanfor den store betonggarasjen blei justert og senka litt for å oppnå ei betre avrenning.

Elles blei det utført diverse fortløpande bygningsmessig vedlikehald, reingjering og reparasjonar, slik som dører, takrenner, vaskar, vaskemaskin, lamper og varmpumpe.

I august blei det montert plakettar med alle 9 kommunevåpna (inkl. fylkeskommunen) ved bøketreia i Stiftelsesparken.

Bil, maskinar og utstyr

Bege varebilane (Mitsubishi og VW Transporter) blei leverte til service og reparasjonar på Bilsenteret Ålgård. Førstnemnde fekk dessutan påkosta ein grundig understellsbehandling.

Plenklypparen får kjørt seg hardt på dei grove plenane. Store belastningar over tid hadde nok gjort sitt til at akselstet bak blei knekt av ramma.

New Holland-traktoren måtte gjennomgå ein reparasjon og utbetring av krokoppheget.

Det dukkar alltid opp uventa reparasjonar og vedlikehald på maskinar og utstyr. Dette året blei det slikt ekstra arbeid på både traktorar, dumpartilhengar, vedmaskin, fliskuttar og anna maskinutstyr.

Ryddesagene får også kjørt seg hardt gjennom sesongen, og vi måtte investere i 2 nye dette året. Vi hadde også behov for å skaffe oss ein lett grastrimmar og ei ny lett motorsag. Den gamle traktorkappsaga blei opprusta med eit nytt sagblad. I tillegg fekk vi spora opp ei smal grøfteskuffe som var tenkt til framtidig montering på gravemaskinen.

For å vere betre rusta til ulike krevjande oppstammings- og greinskjæringsoppgåver, blei det supplert med litt utvalt utstyr. Både multistige, einhands oppladbar kjedesag, stongkjedesag, teleskopisk stongsag, justérbare greinsakser og greinsager innfridde forventningane.

Det blei elles kjøpt inn 3 solide hjulbårer, og div. andre reiskapar, verktøy, verneutstyr og anna verkstadrekvisita etter behov.

Det vi ikkje har, det kan vi lage sjølv. Eit spesielt behov melde seg i samband med oppryddingsarbeidet etter stormfallet i skogen mellom P-plassane og Vassvikveien. Oseland visste råd, og konstruerte ei tohjuls spesialtralle til vinsjen som gjorde at framdraginga av tømmerstokkane kunne utførast utan å rive opp skogbotnen her.

KONTOR OG ADMINISTRASJON

Dei fortløpande kontor- og administrasjonsoppgåvene er mange og varierte, og blir i stor grad utført av vår kontoransvarlege.

Oppgåver som følgjer denne stillinga er dagleg tilsyn og supplerande reingjering i samband med utleige av Aktivitetshuset og Tømmerhytta. I tillegg følgjer ansvaret for oppfølging av Arboretvennane, vaskehjelpene, oppfølging og utsending av styresaker, fakturering, arkivering, og budsjett- og rekneskapsoppfølging.

Utfordringane er framleis store også innan det grøntfaglege kontorarbeidet. Vi har ikkje fått dekkja inn den tidlegare 50% stillinga som vi mista i 2012, og resultatet blir eit stadig større etterslep. Det gjer seg m.a. utslag i manglande kapasitet ift. etikettering, generell planteoppfølging, katalogisering av fagbiblioteket, og anna fagleg oppfølgingsarbeid som m.a. har adresse til hagedatabasen.

Fagbiblioteket blei dette året utvida med 195 nye titlar, og inneheldt totalt 2.017 titlar. Biblioteket utgjer ei vesentleg kunnskapskjelde, og solide oppslagsverk er til stor nytte og støtte i arbeidet med planlegging, informasjon, formidling, undervisning, referanse og dokumentasjon.

Den bærbare PC-en kollapsa og førte til ekstra klatt og frustrasjon. På tampen av året svikta den eine PC-en på kontoret, som viste seg å stamme frå eit defekt skjermkort.

PLANAR OM NYBYGG

Behovet for meir plass til kontor, bibliotek, arkiv, lager, i tillegg til utstillings-, informasjons- og undervisningslokaler har vi kjent på i ei årrekke. Det finst også andre behov for tilbod som våre besøkande vil kunne ha både nytte og glede av. Dei økonomiske rammene for drift og utvikling har så langt hindra institusjonen i å kunne imøtekomme desse behova. Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finna løysingar som skal kunne sikra Arboretet betre inntektsgrunnlag på lengre sikt.

Alt i 2007 kom tanken om eit kombinert bygg som skulle kunne romme aktivitetar som konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Konsulent blei involvert, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitektkontor.

Dei år har det gått med ein del tid for arkitekten med diverse oppfølgingsarbeid vis å vis kommunen, knytta til reguleringsplanen som blei oversendt i mars 2014.

På initiativ frå Sandnes Rotary Klubb, blei det undersøkt og lagt til rette for ei utgreiing med tanke på å finne alternative tilknytningstraséar for både vatn, kloakk og fiberkabel. Styret sette av midler til utgreiingsarbeidet, og eit forprosjekt blei på oppdrag utført av Norconsult. Ikkje overraskande synte berekningane at ei komplett tilknytning vil vere relativt kostbar å gjennomføre.

KURS FOR STABEN

Gol og Lima gjennomgjekk kurs og oppkøyring med tilhengar opptil 7,5 tonn. Trodahl og Lima gjennomførte fornyingskurs for kjøp og bruk av plantevernmidde.

DIVERSE

